



FYLKESMANNEN I TELEMAR
Landbruksavdelingen

Saksbehandler, innvalgstelefon
Jon Olav Brunvatne, 35 58 62 58

Ole Jørgen Wefald, 35 58 62 53

Vår dato Vår referanse
23.09.2005 2005/3346

Deres dato Deres referanse
06.07.2005

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

| | |
|---------------------------------|---------------|
| Landbruks- og matdep. | |
| Saksnr.: 200501215 | Doknr.: 96 |
| Mottatt: 6 OKT 2005 ASRLASRL | |
| Saksbehandler: IEK | Arkiv: 482 |
| Kopier: | Avskrift: |

Høring - Forskrift om bærekraftig skogbruk

Fylkesmannen i Telemark støttar framlegget til "forskrift om bærekraftig skogbruk". Fylkesmannen ser det som fornuftig å samle tema knytt til miljøomsyn, forynging og tiltak mot skogskader i ei forskrift. Ein er vidare nøgd med at ambisjonsnivået for miljøomsyn er harmonisera med den private skogsertifiseringa, og at forskrifta fangar opp dei skogeigarar som ikkje er sertifisera etter gjeldande standardar i "Levende Skog".

Ein bør i større grad konkretisere dei krav ein stiller til miljøomsyn i forskrifta og ikkje einsidig knyte denne opp mot omgrepet "Levende Skog"

Fylkesmannen støttar framlegget til bestemmingar om forynging. Ved å innføre eit minste lovlege plantetal pr dekar fangar ein opp skogeigarar som ikkje har eit bevist forhold til forynging av sine skogressursar og kor manglande forynging skuldast rein forsømming. Dei definerer minimumskrava bør vera svært enkle å innfri, og lågare tettleik enn dette bør føre til sanksjonar. I forhold til skogbruk som ein bærekraftig, økonomisk ressurs, er det viktig å skilje mellom tilrådd plantetal pr dekar og minste lovlege plantetal. Som positivt verkemiddel i denne samanheng må ein syte for at bruk av skogavgift med skattefordel og eventuelle tilskottsordningar knytast til tilrådd plantetal når det seinare skal fastsettast reglar og forskrifter om dette slik det er varsla i lovteksten.

Ordlyden i kapittel 3 er i stor grad knyta opp mot eit bestandsskogbruk, medan det i §2-3 heiter at ein skal nytte lukka hogstar der det ligg til rette for dette. Dette kan verke noko sjølvmotsigande og bør koordinerast.

Fylkesmannen har ikkje særskilte innvendingar til kapitlet som omhandlar tiltak mot skade på skog. Ein vil understreke at kommunanes oppåver i samband med ordlyden i dette kapittel må vera pålagt ved lov om ein skal ha von om oppfølging av dei nemnde tiltak.

Under kapittel 5 "Avsluttande føresegner" vil ein på det sterkaste tilrå at tilsyn med forskrifta når det gjeld forynging og miljøomsyn innlemmast i ei revidera utgåve av den noverande "resultatkontroll forynging og miljø". Dette vil etter Fylkesmannens syn gje det mest rasjonelle tilsyn med forskrifta på ein måte som ikkje bind kommunale ressursar i større grad enn i dag.

Merknader og utfyllende tekst til den enskilde paragraf:

§1-2

Forskrifta gjeld for all skog og skogmark, jf. § 2 i skogbrukslova.

Syner til "lov om skogbruk og skogvern §2":

"Med skogmark forstås i denne lov grunn som er skogproduserende eller som etter en samlet jord- og skogbruksmessig vurdering egner seg best til skogproduksjon og ikke nyttes til annet formål."

I §4-1 i forskrifta utvidas dette til óg å gjelde for "skog og tre i område som er utanfor virkefeltet i § 2 i skogbrukslova, og for plassar og terminalar der virke blir samla eller lagra."

Ein fangar her opp problematikk knytt til linjetraseear, jernbane, vegar, alpinløyper etc. på ein fornuftig måte. Det er viktig at ein på tilsvarende måte gjer utvidingar til skoglovens §2 når det gjeld revisjon av forskrift omhandlande "Bruk av plantevernmidde i skog"

§2-2

Fylkesmannen er nøgd med at ambisjonsnivået for miljøomsyn harmoniserast med standardar for privat skogsertifisering gjennom Levende Skog. Ein fangar då opp dei skogeigedomar som ikkje er sertifisera på ein rettvis måte. Av omsyn til mogleg revisjon av privat sertifisering bør ein kan hende vera varsam med å knytte ordlyden i forskrifta opp mot "Levende skog"? Ein bør i større grad konkretisere dei krav ein stiller til miljøomsyn og ikkje einssidig knyte denne opp mot "Levende Skog" . Ein har ingen garanti for kor lenge "Levende Skog" vil verke som sertifiserings ordning.

§2-3

Kommentarar til fyrste avsnitt; Er omgrepet "snarast råd" og "vanleg brukte stiger" presise nok i denne samanheng? Ein bør her definere at køyreskadar skal utbetrast innan utgangen av kommande vekstsesong etter hogsttidspunktet. Ein må gje opning for at utbetring av køyreskadar kan utsettas i påvente av biologisk fornuftig tidspunkt for markberedning. Dette kan skje ved søknad til kommunen. Om ein nyttar gravemaskin vil det vera rasjonelt å utbetre køyreskadar samtidig som marberedinga. Ved bruk av markberedningsaggregat montera på lastetraktor bør ein vente med utberinga av køyreskadar til denne jobben er gjort.


Mange av dei grøfta areala frå 30 - talet er i ferd med å bli hogstmogne. Ved bruk av moderne driftsformer på slike areal vil det opphavlege grøftesystem skadast slik at ein etter drift må gjennomføre ein grøfterensk. Dette kan være til forveksling lik nygrøfting av sumpskog. Ein bør derfor presisere at grøfting/grøfterensk av torvmark framleis er ei lovleg rådgjerde.

Kapittel 3

Tal frå resultatkontroll i foryngingsfelt i Telemark syner at om lag mellom 30 og 40% av flatene har et plantetal som er lågare enn det som er tilrådd. Om lag halvparten av desse skuldast rein forsømming, resten skuldast naturleg avgang som følge av ulike skadegjerdarar. Det er ein tendens at skogeigarane har tilpassa seg eit plantetal ved forynging som samsvarar med tilrådd tettleik etter ungskogpleie. I ein slik situasjon blir ein sårbar for naturleg avgang.

Rapportar frå NIJOS syner at det tek om lag 100 år å bygge opp ein skogressurs, og tilsvarande tek det 100 år å byggje han ned. Med dagens låge investeringsnivå i skogkultur vil ståande kubikkmasse i norske skogar vere nær halvera om 100 år om ikkje trenden vert snudd.

Figuren under syner korleis ståande volum i Norske skogar vil utvikle seg om 100 år ved høgt investeringsnivå (Alt.1) og dagens låge investeringsnivå (Alt. 2) jamført med dagens volum som er eit resultat av skogskjøtsel og skogbruk gjennom 1900 talet (Kilde NIJOS).




Figur 3. Stående volum om 100 år sammenlignet med dagens volum.

§3-3

I innleiinga til § 3-3 innførast omgrepet kvalitetsvirke. Kva som vert rekna som kvalitet om 100 år kan sikkert diskuteras. Det introduserast nye omgrep som "friskkvistsylinder" og anna som påverkar anbefalt utgangstettleik. Det viktigaste må vera at skogeigaren gjer beviste val omkring forynging i forhold til ein framtidig uviss marknad.

Sidan skogbruk har store ringverknader for samfunnet, er det naturleg at det stillast krav til at den einskilde skogeigar ivaretek sitt produksjonspotensial i skog.

Figuren under syner korleis det relative produksjonsnivået endrast med tettleiken i forynginga uavhengig av bonitet.



Sjølv 100 stammer/dekar under ujamn fordeling i 4 m høgde ivaretek 70% av produksjonsnivået. Samfunnsinteressa i høve til skogbruk ligg fyrst og fremst i ringverknadene næringa skaper for sysselsetjing og verdiskaping. Volum av tømmer er i denne samanheng viktigare enn kvalitet.

Med bakgrunn i dette verker det fornuftig å definere eit lågt nivå for "Minste lovlege plantetal". Det er viktig å gje til kjenne at tilrådd plantetal er langt høgare. For å stimulere til dette bør grensene for tilrådd plantetal leggjast til grunn ved bruk av skogavgift med skattefordel eller eventuelle tilskot.

Det økonomiske fundament for investering i skogkultur vert bestemd av følgende faktorar:

- trua på framtidig tømmerpris, og påregneleg driftsnetto
- den einskilde skogeigar sitt rentekrav
- alternativ ventetid og tilslag på naturleg forynging
- investeringskostnader knytt til ulike rådgerder innan skogkultur

Om ein legg til grunn dagens tømmerpris(driftsnetto), eit rentekrav på 3% og dagens finansiering gjennom ein forbetra skogavgiftsordning, vil ein finne at det i mange tilfeller er svært kostbart å vente på naturleg foryngning på granbonitetane. Likeeins vil furumark med tjukk humus vera i same situasjon med omsyn til markberedning. Det ligg ei stor utfordring i å **bevisstgjere** skogeigarane kring dette temaet. Det er derfor naudsynt at ein og syner til anbefalt plantetettleik. Ein bør vurdere om tabellen i forskrifta skal erstattast med ei diagram kor ein kan skravere eit felt som syner tilrådd og minste lovlege plantettleik.

Eller er ordlyden i kapittel tre i stor grad knyt til eit bestandsskogbruk. Ved bruk av lukka hogstar som ein skal søke å leggje til rette for etter §2-3, er det ikkje meinig i å definere eit minste plantetal pr dekar. Ein må søke å skape samsvar mellom kapitel 2 og 3 når det gjeld lukka hogstar.

”Forynginga reknas som etablera når konkurransen frå annan vegetasjon minkar og konkurransen mellom planter av ønskja treslag gjer seg gjeldande”. Denne tilnærminga er korrekt ved bruk av dei plantetettleiker som er anbefala av SKI. Når ein gieng så lågt som 50 planter/dekar for ”minste lovlege plantetal pr. dekar” vil kan hende forynginga ikkje vera etablera før etter 50 år etter denne definisjonen! Det kan her vera ein ide å seie at forynginga reknast som etablera når den har nådd ein middelhøgde tilsvarande ”brysthøgde” eller ein annan konkret verdi.

Konklusjon:

Fylkesmannen støtter framlegg om inndeling i;

- minste lovlege plantetal, der brot på forskrift medfører sanksjonar
- tilrådd plantetal, der Fylkesmannen meiner at innfriing kvalifiserer til skogavgift med skattefordel og eventuelt tilskott.

Ei slik ordning vil ivareta positive ringverknader for samfunnet ved at ein sikrar et visst nivå på volumproduksjonen i norske skogar, samstundes som ein ved positive verkemiddel legg til rette for verdiskaping i form av kvalitetsproduksjon på den einskilde eigedom. Ein bør vurdere å erstatte tabellen med eit diagram med skravering som syner tilrådd og minste plantetal.

§4-2

Ein vil understreke at kommunanes oppgåver i samband med ordlyden i dette kapittel må vera pålagt ved lov om ein skal von om oppfølging av dei nemnde tiltak.

§4-3

Skogeigar skal etter forskrifta varslast om risiko for ulike skadegjerdarar. Det er noko uklart kven som skal gjeva slike varsel? Ein kan vidare reise spørsmål om behovet for overvaking av tømmerterminalar og velter for skadeinsekt, når alle kjemiske preparat godkjent til slike føremål er fjerna.

§4-5

Under punkt 6 vil vi gjøre merksam på at det ikkje lenger er preparat godkjent til føremålet etter at Gori vart inndrege. Det er naudsynt å fine alternative preparat som kan godkjennast til tømmervelter og andre lagringsplassar for tømmer.


§4-6

Det er svært viktig at kjøpar av virket også gjevast ansvar i forhold til fristar for uttransporten. I dag skuldar dei ulike aktørane på kvarande om tømmeret bli liggjande for lengje.

§ 5-1

Med ein svak kommuneøkonomi og redusera bemanning til skogoppgåvene, ligg det ei stor utfordring i denne paragrafen. I dag kontrollerar skogbrukssjefane i Telemark ca 100 foryngelsesflater i den såkalla "resultatkontroll skog og miljø" Desse flatene trekkast vilkårleg ut på grunnlag av historisk tømmeromsetning. Fylkesmannen vil på det sterkaste tilråde Departementet om å samordne resultatkontroll og tilsynet av forskrifta etter §5-1 .

Med helsing


Arne Malme
fng. Fylkesmann


Åse Egeland
Landbruksdirektør